



Møteprotokoll

Utval: Utvalet for næring og miljø
Møtestad: Møterom Sunnfjord – Rådhuset
Dato: 10.06.2026
Tid: Kl. 12:00 - 15:00

Følgande medlemmer møtte:

Geir Leon Hetle
Roger Gjelseng Olsen
Britt Kyrkjebø Aarbergsbotten
Mathias Råheim
Ingrid Røkke Døskeland
Erlend Brede Fossen
Nina Elise Hjartholm
Eldrid Skudal
Magnhild Runde
Bjarte Buttedal

Parti:

Ap
FrP
H
H
MDG
Sp
Sp
SV
V
VIP

Forfall:

Ove Farsund

Parti:

Ap

Møtande varamedlem:

Parti

Andre:

Anita Nordheim	kommunalsjef kultur og idrett
Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy	einingsleiar
Malin Solheim Moldestad	rådgjevar
Trond Ueland	einingsleiar

Møteleiar: Mathias Råheim

Merknader:

- Sidan møteleiaren hadde forfall til møtet, leia nestleiar Mathias Råheim møtet.

Godkjenning av protokollen:

Mathias Råheim

Erlend Brede Fossen

Britt K. Aarbergsbotten

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
043/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
044/26	Felles prinsipp for drift og utvikling av kommunale fotballbaner
045/26	Retningslinjer fiske- og friluftslivsfond for Mo kraftverk
049/26	Klagesak - Klage på vedtak om løyve til opparbeiding av ny sti på gbnr. 60/28
046/26	Delegerte vedtak
047/26	Referatsaker
048/26	Orienteringar, spørsmål og oppfølging

043/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiaren sitt framlegg til vedtak:

Innkallinga og saklista blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen:

Behandling i Utvalet for næring og miljø 10.06.2026:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Møteleiaren fremja følgande til å godkjenne protokollen:
Erlend Brede Fossen og Britt Kyrkjebø Aarbergsbotten

Einstemmig vedtak

UNM- 043/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen:
Erlend Brede Fossen og Britt Kyrkjebø Aarbergsbotten

044/26: Felles prinsipp for drift og utvikling av kommunale fotballbaner

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til prinsipp vert vedteke slik dei ligg føre i saka:

Drift, rehabilitering og bygging av kunstgrasbaner ute (gjeld ikkje for bygging og drift av undervarme)

- 1.Intensjonsavtale for bygging/rehabilitering vert inngått ved pengar avsett i kommunalt budsjett.
- 2.Kostnadskalkyle drift, rehabilitering og/eller bygging –felles ansvar for kommunen og idrettslag/frivillig organisasjon.
- 3.Fordelinga av kostnader 50/50 ved rehabilitering/bygging og inngåing av driftsavtale, deretter årleg indeksregulering av driftsavtalen.
- 4.Idrettslaget/frivillig organisasjon må drifte om ikkje kommunen har personell/resursar.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 10.06.2026:

Endringsframlegg (seinare trekt), fremja av Geir Leon Hetle (Ap):

Drift, rehabilitering og bygging av kunstgrasbaner ute (gjeld ikkje for bygging og drift av undervarme)

1. Intensjonsavtale om bygging eller rehabilitering kan inngåast når tiltaket er prioritert og det er sett av midlar til formålet i kommunalt budsjett.
2. Kommunen og aktuelt idrettslag eller anna frivillig organisasjon skal i fellesskap utarbeide kostnadskalkyle for drift, rehabilitering og/eller bygging.
3. Ved rehabilitering og bygging skal kostnadane fordelast med 50 prosent på kommunen og 50 prosent på idrettslag eller den frivillige organisasjonen. Drift skal regulerast i eiga driftsavtale, og den økonomiske delen av avtalen skal indeksregulerast årleg.
4. Kommunen har det overordna ansvaret for drift av kommunale fotballbaner. Dersom kommunen ynskjer at idrettslaget eller anna frivillig organisasjon skal utføre heile eller deler

av drifta, skal dette avklarast i skriftleg driftsavtale med nærare regulering av ansvar, økonomisk kompensasjon og varigheit. Manglande kommunale personell- eller ressursmessige føresetnader fritar ikkje i seg sjølv kommunen for driftsansvaret.

Avstemming:

Utvalet for oppvekst og kultur si innstilling vart **einstemmig vedteke**

UNM- 044/26 Vedtak:

Drift, rehabilitering og bygging av kunstgrasbaner ute (gjeld ikkje for bygging og drift av undervarme)

1. Intensjonsavtale om bygging eller rehabilitering kan inngåast når tiltaket er prioritert og det er sett av midlar til formålet i kommunalt budsjett.
2. Kommunen og aktuelt idrettslag eller anna frivillig organisasjon skal i fellesskap utarbeide kostnadskalkyle for drift, rehabilitering og/eller bygging.
3. Ved rehabilitering og bygging skal kostnadane fordelast med 50 prosent på kommunen og 50 prosent på idrettslag eller den frivillige organisasjonen. Drift skal regulerast i eiga driftsavtale, og den økonomiske delen av avtalen skal indeksregulerast årleg.
4. Kommunen har det overordna ansvaret for drift av kommunale fotballbaner. Dersom kommunen ynskjer at idrettslaget eller anna frivillig organisasjon skal utføre heile eller delar av drifta, skal dette avklarast i skriftleg driftsavtale med nærare regulering av ansvar, økonomisk kompensasjon og varigheit. Manglande kommunale personell- eller ressursmessige føresetnader fritar ikkje i seg sjølv kommunen for driftsansvaret.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 10.06.2026:

Endring av kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Framlegg til prinsipp vert vedteke med fylgjande endring: , fremja av Liv Horvei (Ap):

Drift, rehabilitering og bygging av kunstgrasbaner ute (gjeld ikkje for bygging og drift av undervarme)

1. Intensjonsavtale om bygging eller rehabilitering kan inngåast når tiltaket er prioritert og det er sett av midlar til formålet i kommunalt budsjett.
2. Kommunenen og aktuelt idrettslag eller anna frivillig organisasjon skal i fellesskap utarbeide kostnadskalkyle for drift, rehabilitering og/eller bygging.
3. Ved rehabilitering og bygging skal kostnadane fordelast med 50 prosent på kommunen og 50 prosent på idrettslag eller den frivillige organisasjonen. Drift skal regulerast i eiga driftsavtale, og den økonomiske delen av avtalen skal indeksregulerast årleg.
4. Kommunen har det overordna ansvaret for drift av kommunale fotballbaner. Dersom kommunen ynskjer at idrettslaget eller anna frivillig organisasjon skal utføre heile eller delar av drifta, skal dette avklarast i skriftleg driftsavtale med nærare regulering av ansvar, økonomisk kompensasjon og varigheit. Manglande kommunale personell- eller ressursmessige føresetnader fritar ikkje i seg sjølv kommunen for driftsansvaret.

Avstemming:

Ap sitt framlegg, i 4 punkt vart **vedteke** med 8 (Ap Sp, V, SV og MDG) mot 3 røyster (H, FrP og ua)

Kommunedirektøren sitt framlegg **fall** med 3 (H, FrP og ua) mot 8 røyster (Ap, SP, V, SV og MDG)

UOK- 031/26 Vedtak:

Drift, rehabilitering og bygging av kunstgrasbaner ute (gjeld ikkje for bygging og drift av undervarme)

1. Intensjonsavtale om bygging eller rehabilitering kan inngåast når tiltaket er prioritert og det er sett av midlar til formålet i kommunalt budsjett.
2. Kommunen og aktuelt idrettslag eller anna frivillig organisasjon skal i fellesskap utarbeide kostnadskalkyle for drift, rehabilitering og/eller bygging.
3. Ved rehabilitering og bygging skal kostnadane fordelast med 50 prosent på kommunen og 50 prosent på idrettslag eller den frivillige organisasjonen. Drift skal regulerast i eiga driftsavtale, og den økonomiske delen av avtalen skal indeksregulerast årleg.
4. Kommunen har det overordna ansvaret for drift av kommunale fotballbaner. Dersom kommunen ynskjer at idrettslaget eller anna frivillig organisasjon skal utføre heile eller delar av drifta, skal dette avklarast i skriftleg driftsavtale med nærare regulering av ansvar, økonomisk kompensasjon og varigheit. Manglande kommunale personell- eller ressursmessige føresetnader fritar ikkje i seg sjølv kommunen for driftsansvaret.

045/26: Retningslinjer fiske- og friluftslivsfond for Mo kraftverk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Sunnfjord kommune vedtek retningslinjer for fiske- og friluftsfond knytt til Mo og Refsdal kraftverk, slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Mynde til å forvalte fondet og gjere vedtak om tildeling av midlar blir lagt til Utval for næring og miljø ved søknader over 50 000 kroner.
3. Retningslinjene tek til å gjelde frå vedtaksdato.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 10.06.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UNM- 045/26 Vedtak:

1. Sunnfjord kommune vedtek retningslinjer for fiske- og friluftsfond knytt til Mo og Refsdal kraftverk, slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Mynde til å forvalte fondet og gjere vedtak om tildeling av midlar blir lagt til Utval for næring og miljø ved søknader over 50 000 kroner.
3. Retningslinjene tek til å gjelde frå vedtaksdato.

049/26: Klagesak - Klage på vedtak om løyve til opparbeiding av ny sti på gbnr. 60/28

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klage på vedtak datert 29.04.2026 vert teken til følgje.

Vedtaket vert endra slik:

- Det vert gjeve løyve til maskinell opparbeiding av eksisterande sti på gbnr. 60/28, jf. plan- og bygningslova § 21-4 og søknad datert 24.03.2026.
- Søknad om etablering av ny tursti frå skogsbilveg til Langeneset vert avslått.

Avslaget er grunngjeve med at kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet ikkje er tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8. Kommunen kan difor ikkje vurdere konsekvensane av tiltaket og den samla belastninga, jf. §§ 10 og 12. Etter føre-var-prinsippet i § 9 vert tiltaket ikkje tillate.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 10.06.2026:

Endringsframlegg (seinare trekt), fremja av Mathias Råheim (H):

Nytt andre kulepunkt:

Søknad om etablering av ny tursti frå skogsbilveg til Langeneset, ca 250 meter, vert godkjent.

Utvalet viser grunngjevinga av vedtak av 29/4-26.

Alternativt framlegg til vedtak, fremja av Mathias Råheim (H):

Klage på vedtak datert 29.04.2026 vert ikkje teken til følgje.

Vedtaket vert endra slik:

1. Det vert gjeve løyve til maskinell opparbeiding av eksisterande sti på gbnr. 60/28, jf. plan- og bygningslova § 21-4 og søknad datert 24.03.2026.
2. Søknad om etablering av ny tursti frå skogsbilveg til Langeneset vert godkjent. Det vert sett følgande vilkår for løyvet:
 - a. Det skal takast særleg omsyn til kjende naturtypar og registrerte artar av forvaltningsinteresse.
 - b. Arbeid er ikkje tillate i hekkerbare artar.
 - c. Traséval og opparbeiding skal i størst mogleg grad tilpassast eksisterande terreng og vegetasjon for å avgrense inngrep.
 - d. Eventuelle avbøtande tiltak som vert tilrådde av faginstansar skal gjennomførast.

Vedtaket er grunngjeve med at Bymarka er eit unikt og viktig område for rekreasjon, naturopplevingar og folkehelse, og at tilrettelegging for auka tilgjenge for allmenta er eit sentralt mål. Etablering av turstien vil bidra til å styrkje moglegheitene for friluftsliv og fysisk aktivitet for eit breitt spekter av brukarar. Samtidig er det avgjerande å ta vare på naturmangfaldet i området. Tiltaket skal difor gjennomførast på ein skånsam måte som tek omsyn til naturverdiane, inkludert området si rolle som leve- og hekkeområde for fugl og andre artar. Det blir vist til grunngjevinga i vedtak 29.04.2026. Kommunen vurderer at tiltaket på denne måten ivaretek tilstrekkeleg omsynet til friluftsliv, folkehelse og naturmangfald.

Alternativ avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen stemmer og **fall**

Høgre sitt alternative framlegg vart **einstemmig vedteke**

UNM- 049/26 Vedtak:

Klage på vedtak datert 29.04.2026 vert ikkje teken til følgje.

Vedtaket vert endra slik:

1. Det vert gjeve løyve til maskinell opparbeiding av eksisterande sti på gbnr. 60/28, jf. plan- og bygningslova § 21-4 og søknad datert 24.03.2026.
2. Søknad om etablering av ny tursti frå skogsbilveg til Langeneset vert godkjent. Det vert sett følgande vilkår for løyvet:
 - a. Det skal takast særleg omsyn til kjende naturtypar og registrerte artar av forvaltningsinteresse.
 - b. Arbeid er ikkje tillate i hekkeperioden for sårbare artar.

- c. Traséval og opparbeiding skal i størst mogleg grad tilpassast eksisterande terreng og vegetasjon for å avgrense inngrep.
- d. Eventuelle avbøtande tiltak som vert tilrådde av faginstansar skal gjennomførast.

Vedtaket er grunngjeve med at Bymarka er eit unikt og viktig område for rekreasjon, naturopplevingar og folkehelse, og at tilrettelegging for auka tilgjenge for allmenta er eit sentralt mål. Etablering av turstien vil bidra til å styrkje moglegheitene for friluftsliv og fysisk aktivitet for eit breitt spekter av brukarar. Samtidig er det avgjerande å ta vare på naturmangfaldet i området. Tiltaket skal difor gjennomførast på ein skånsam måte som tek omsyn til naturverdiane, inkludert området si rolle som leve- og hekkeområde for fugl og andre artar. Det blir vist til grunngjevinga i vedtak 29.04.2026. Kommunen vurderer at tiltaket på denne måten ivaretek tilstrekkeleg omsynet til friluftsliv, folkehelse og naturmangfald.

046/26: Delegerte vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 10.06.2026:

Utvalet diskuterte om kommunen burde ha ei felles ordning ved kontroll av felt hjort i Sunnfjord kommune. Det blir sett opp orientering dette temaet i neste møte.

Einstemmig vedtak

UNM- 046/26 Vedtak:

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

- Førespurnad om felles ordning ved kontroll av felt hjort i Sunnfjord kommune, blir sett opp orientering i neste møte.

047/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 10.06.2026:

Einstemmig vedtak

UNM- 047/26 Vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

048/26: Orienteringar, spørsmål og oppfølging

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane blir teke til vitende.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 10.06.2026:

Det var orientert om følgende saker i starten av møtet:

- Tertialrapport per 30.04.2026 v/Marius Bjørvik Solheim, økonomisjef
- Utvikling straumutgifter v/Trond Ueland
- Løypemelding for innsparing i samfunnstenestene v/Trond Ueland
- Totalberedskap i Sunnfjord kommune v/Jan Birger Moe
- Avgifter for avfallshandtering v/Tore Dvergsdal, dagleg leiar Sunnfjord Miljøverk
- Bruk av matrikkellova som grunnlag for kommunale gebyr jf. referatsak 2 v/Trond Ueland
 - Førebels orientering i dette møtet, blir òg sett i opp i neste møte med oppdatering etter avklaring frå Statsforvaltaren.
- Leiarsituasjon i Sunnfjord Utvikling v/Trond Ueland

Einstemmig vedtak

UNM- 048/26 Vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitende.